

Referat møte Cittaslowrådet 28.5.2024 kl 19.00 – 21.

Grupperom, Sentrumsbygget

Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret – Jorid Lekve Eide (rådsleiar)

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik bygdekvinne­lag v/Solgunn W. Bjørke

Frå Ulvik næringslag – Knut Sigurd Skeie

Frå Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå Brakanes skule – Anne Hjelmevoll

Frå Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik heradsstyre – Linn Skeie

Forfall: Julie Gyllander frå Slow Food Hardanger, Einar Langballe frå Ulvik og Eidfjord bondelag, Hulda R Thorbjørnsen frå Ulvik Idrettsråd, Johanna Hjeltnes og Simen Bakkan frå Ungdomsrådet, frå heradsstyret Margrete Øydvin, observatør Ingrid Prestegard.

Saksliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjent.

2. Referat frå førre møte, 2. april

Referatet vart godkjent.

3. Evaluering ryddedugnad

Det vart gjennomført ryddedugnad laurdag 4. mai, i samarbeid med næringslaget. Rådet stilte med bollar, blommar, hanskar og sekkar til rydding. Om lag 10 personar bidro, dei fleste frå rådet eller styret i næringslaget. Skulen hadde rydda godt i sentrum i veka før. Leiar i rådet hadde på førehand delt ut flyer til alle i sentrum, og hengt opp plakatar.

Barnehagen rydda ned mot Gauro.

Det blir mykje å organisere for lite. Dei som stiller kjem frå styret i rådet eller i næringslaget. Fleire sameige i sentrum har egne ryddedugnader.

Vedtak:

Neste år blir det sendt ut flyer med oppmoding til alle som har eigedom i sentrum, og ein vil freista å få til blommesal ein laurdag i forkant av konfirmasjonshelg og turistsesong. Det blir ikkje felles ryddedugnad

4. Arbeidsgruppe Oktobertorg-helg, 4. – 6. oktober

For å komme i gang med planlegginga av Oktobertorg-helga tidlegare, må arbeidsgruppa vere klar før sommaren. I arbeidsgruppa bør følgjande vere representert:

- Ulvik lions, teknisk avd i heradet, venelaget til Mylna, næringslaget, Slow Food Hardanger, Ungdomsrådet, Bygdekvinne­laget og bondelaget.

Vi bør og sende ut invitasjon til seljarar før sommaren. Jobbe for litt fleire innslag frå scena, eplekakekonkurranse, litt fleire aktivitetar for born.

Mona tar ansvar for utstillarar, invitasjon og påmelding med organisering.

Vedak:

Medlemmer i rådet tar ansvar for at det blir oppnemnd representant frå «sin» organisasjon innan 20. juni, og melder dette til sekretær. Innkalling til arbeidsmøte kjem like over ferien.

5. Gjere sertifiserte bedrifter og Cittaslow meir kjend. Heradet sine nettsider og andre tiltak

Jorid og Ingrid har skrivne ein omtale for kvar av dei sertifiserte medlemsbedriftane. Det er lagt vekt på ein personleg vinkling i tekstane. Desse vert publisert på heradet sine heimesider. Rådet drøfta korleis vi kan synleggjere desse, foto, kart, mm., og andre som bør med. Bedriftane får tilsendt tekstane for godkjenning, saman med forespurnad om å få tatt foto av kvar einskild. Då ivaretar ein heilskapen.

6. Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om følgjande:

- To fine episodar frå Tellus og Arne Hjeltnes frå Finse og Ulvik. Kjem i Norge til 700.' Altibox-kundar. Dei engelske versjonane kjem om ein månad og skal ut i 48 statar i USA på PBS, Europa og i 16 marknader i Asia.
- Heradet er vald ut som ein av sju kommunar i Vestland som får vere med på samarbeidsprosjektet «styrka samarbeid for berekraftig utvikling». Prosjektet går over 3 år og skal konsentrerast om to fokusområde heradet vil prioritere i prosjektperioden.
- Vi er og med i fellesprosjektet «Besøksforvaltning», som ein av 20 kommunar i Vestland. Prosjekteigar er fylkeskommunen, og prosjektet er lagt opp etter mal frå Nordland fk. Målet er betre forvaltning av lokale verdiar gjennom organisering og tilrettelegging for turistar.
- Ro- og padleruter-prosjektet som vi har hatt i lag med Eidfjord er avslutta i denne omgang. To informasjonstavler blir levert snarast, og tre ruter frå kvar kommune kjem i app'en padleruter.
- Turistkontoret vil frå og med fredag 31. mai ha ope kvar dag frå 9 – 17. Digital turistinformasjon er eit supplement.
- Heradet er godt i gang med rullering av ny kommuneplan, samfunnsdelen. Følg med!
- Frå og med møtet i juni vil heradsstyremøtene bli strømma direkte.
- Hurtigladestasjon blir oppgradert m ein 200kW ladar, i juni.
- Fylkestingdmøte 19. – 20. juni i Ulvik, kanskje besøk hos aktuelle aktørar. Dei har vanlegvis noko ledig til på ettermiddagen den første dagen (19. juni)
- Prosjektet med eit formidlingssenter for Chatarine Kølle går vidare som hovudprosjekt og Geir Netland er engasjert som prosjektleiar.

7. Open post

- Slow Food Hardanger informerte via sekretær om Hardanger gastronomiske syposium i juni.
- Håkon informerte om at Vestland fk har finansiert sin del av studiet for frukt-, bær- og siderproduksjon. Studiet blir starta opp i januar, eller aug 2025.
- Næringshagen har inngått avtale m VHK studiesenter om å leige kontorhotellet som Studentstove på felles studie, etc.
- Runde rundt bordet på status for Ulvik hotel og gml sjukeheimen. Trist syn i bygdebilde
- Solgunn informerte om invitasjon til opning av Catharine Kølle- utstilling på Norsk reiselivsmuseum i Balestrand. Mange i Ulvik har fått denne. Heradet stiller med fleire representatar, og bygdekvinnelaget blir med. Oppmoding til alle om å få den med seg ila sommaren.
- Badesesong – Holmen:
 - o Mykje rot og lite hyggeleg å vere der då folk ikkje tar med seg bos og ting som vert gjenglømt. Kan heradet sette opp eit skilt m oppmoding om å rydde etter seg?

Neste møte er 3. september kl 19 – 21 i nytt grupperom, Sentrumsbygget.

Referent:

Mona H Hellesnes, sekretær Cittaslowrådet